



# **MØTEBOK**

for

## **Fylkesårsmøtet i Vestland Venstre**

laurdag 9.mars 2024

### **Vestlandshuset**

Møtestart: Laurdag 09. mars kl. 12:00

Møteslutt: Laurdag 09. mars kl. 18:00

På fylkesårsmøtet vil ein handsame saker i samsvar med vedtektene.

Søndag 10.mars vil det være temadag på Stortingsvalprogrammet.

## Saksliste for fylkesårsmøtet 2024

- ÅM 1 Opning og namneopprop
- ÅM 2 Godkjenning av innkalling og saksliste
- ÅM 3 Godkjenning av program
- ÅM 4 Godkjenning av forretningsorden
- ÅM 5 Val av dirigentar, fullmaktsnemnd, eventuell suppleringsnemnd for fråsegner, møtesekretærar, referentar, teljekorps og signatarar
- ÅM 6 Generell politisk debatt
- ÅM 7 Fråsegner
- ÅM 8 Årsmelding 2023
- ÅM 9 Rekneskap 2023
- ÅM 10 Valkampevaluering
- ÅM 11 Vedtektsendringar
- ÅM 12 Vedtak av handlingsplan for 2024
- ÅM 13 Vedtak av budsjett 2024
- ÅM 14 Val av fylkesstyre, valnemnd, internrevisorar og nominasjonsnemnder
- ÅM 15 Val av redaksjonsnemnd for neste årsmøte
- ÅM 16 Innkomne saker

ÅM – 1 Opning og namneopprop

ÅM - 2 Godkjenning av innkalling og saksliste

Fylkesstyret sitt framlegg til vedtak:

*Innkalling og saksliste vert godkjend av fylkesårsmøtet.*

ÅM-3 Godkjenning av program

Fylkesstyret sitt framlegg til vedtak:

*Framlagt forslag til program vert godkjent av fylkesårsmøtet*

Førebels program for fylkesårsmøtet 09.mars 2024

## **Laurdag:**

11:00 – 12:00 Registrering

11:45 – 12:30 Lunsj

12:35 – 12:55

Opning og konstituering

Opning ved fylkesleiar Åsta Årøen

Namneopprop og val av møteleiarar

Val av fullmaktsnemnd, møtesekretærar, referentar, teljekorps, singatarar og  
supplering av redaksjonsnemnd.

Godkjenning av innkalling og sakliste

Godkjenning av program og forretningsorden

12:55 – 13:05

Orientering frå redaksjonsnemnd for politiske fråsegn

13:05 – 13:15

Tal på fråsegner og kva fråsegner som skal handsamast

13:15 – 13:20

Fullmaktsnemnda si innstilling – godkjenning av delegatar Vedtektsendringar

13:20 – 13:25

Kaffi

13:25 – 13:35

Generell politisk debatt

13:40 – 15:00

Pause med matbit

15:00 – 15:15

Årsmelding og rekneskap

15:20 – 15:30

Valkampevaluering

15:30 – 15:50

Organisasjonsdebatt, Handlingsplan og budsjett

15:50 – 16:20

Fråsegner

16:20 – 16:55

16:55 - 17:30

Val av fylkesstyre, nominasjonsnemnder, landsstyreutsendingar, valnemnd  
og internrevisorar

17:30 - 17:50

Guri Melby

17:50 – 18:00

Slutt

20:00

Middag på Scandic Ørnen

## **Søndag**

09:00 - 09:20 UTSJEKK!

09:30 – 13:30 Seminar om Stortingsvalsprogrammet

#### ÅM - 4. Godkjenning av forretningsorden

Fylkesstyret sitt framlegg til vedtak:

*Framlagt forretningsorden vert godkjend av fylkesårsmøtet.*

##### Om den generelle avviklinga av debatten:

Fylkesårsmøtet vert leia av to møteleiarar som vert valde ved konstitueringa av møtet. Møteleiarane må sjå til at dei oppsette rammene for debatten vert haldne. Dei kan difor avgjere om avgrensa taletid skal innførast og gjere framlegg om kva tid "strek" skal setjast.

Møtedelegatar med stemmerett får ordet i den rekkjefølgja dei melder seg på talarlista ved å vise delegatskilt.

Møteleiarane kan tillata inntil to replikkar til kvart debattinnlegg, etter replikkar er det høve til svarreplikk for den som hald debattinnlegget. Ein replikk kan vere maksimum 1 minutt lang. Replikk skal vere retta til det føregåande debattinnlegget, svarreplikk til replikkane den er svar til. Møteleiar gir replikk til dei som først ber om det.

Møteleiarane gjer framlegg om prosedyre for eigenpresentasjon og støttetalarar før personval.

Valde delegatar og møteleiarbordet kan fremje framlegg om talerett for personar som er til stades utan å ha slik talerett etter vedtektene, anten for ei einskild sak eller for heile møtet.

Eventuelle endringar i vedtatt forretningsorden krev 2/3 fleirtal.

##### Om framlegg:

Alle framlegg som vert sett fram til votering skal vere innsendt skriftleg innan dei fristar som er vedtatt for dette møtet. Andre framlegg skal formidlast skriftleg til møteleiar.

Framlegg som gjeld sjølve møteavviklinga, t.d. om voteringsorden, taletid eller «strek», kan med møteleiar si tilslutning setjast under votering utan å vere fremma skriftleg.

Alle endringsframlegg skal leverast elektronisk og tydeleg merka med saksnummer og type endringsframlegg. Leverast på eige skjema i saker der dette er tilgjengeleg.

##### Om votering utanom personval:

Møteleiar gjer framlegg om voteringsorden, og fylkesårsmøtet fastset denne før kvar votering når det gjeld saker der vedtektene ikkje fastset voteringsprosedyre. Endringsframlegg skal settast opp mot innstillingane.

I opne voteringar voterast det med delegatskilt.

Når fleire alternative framlegg ligg føre, skal det først voterast over det mest ytterleggående, og til slutt alternativ votering mellom de to siste framlegga, så langt ingen krev separat votering.

Det kan haldast prøvevotering.



Valprosedyre:

Dersom det berre føreligg eitt namneforslag til ein plass/ei rolle, og ingen krev skriftleg votering, kan vala gjerast ved akklamasjon.

Dersom det er to eller fleire kandidatar til ein og same plass/rolle og dersom minst ein utsending krev det, skal valet vere skriftleg/anonymt.

Å stemme blankt vert rekna som gitt stemme.

Den er vald som oppnår fleire enn halvparten av dei stemmene som er gitt.

Dersom ingen kandidat i første valomgang oppnår fleire enn halvparten av dei gitte stemmene, skal det haldast omval. Er det fleire enn to kandidatar, fell kandidaten med færrest stemmer ut i kvar valomgang, inntil ein kandidat oppnår fleire enn halvparten av stemmene. Dersom to eller fleire kandidatar oppnår det same tal færrest stemmer i same valomgang, vert det loddtrekking om kven av kandidatane som fell ut.

ÅM - 5. Val av dirigentar, fullmaktsnemnd, møtesekretærer, referentar, teljekorps, signatarar og supplerer av redaksjonsnemnd for fråsegner.

Fylkesstyret sitt førebelse framlegg til vedtak:

*Møteleiarar:*

*Åsta Årøen, Erlend Horn, Gunn Merete Paulse, Torstein Tvinnereim og Grete Line Simonsen.*

*Fullmaktsnemnd*

*Gro Gjelsvik, Vigdis Tonning og Heine Johansen*

*Referentar*

*Teljekorps*

*Eskil Smelvær og Siv Aanderaa*

*Signatarar*

*Atle Hamar og Petter Sekse Ulriksen*

*Redaksjonsnemnd for politiske fråsegner (vald i 2023)*

*Leiar: Elizabeth Toft Erichsen, Øygarden*

*Medlem: Nikolai Andre Valvik, Kinn*

*Medlem: Jo Lerheim, Bergen*

*1. vara: Camilla Elen Berg Larsen, Stord*

*2. vara: Tove Kristin Sleire Tistel, Masfjorden*

*3. vara: Bård Mangerøy, Alver*

*4. vara: Trude Risnes, Sogndal*

*+Unge Venstre og Venstrekvinnelaget vel kvar sin representant*

Fylkesstyret sitt framlegg til supplerer:

*Varamedlemmer rykker inn for Nikolai Valvik og Jo Lerheim.*

## ÅM 6 Generell politisk debatt

Fylkesleiar, Unge Venstre og Venstrekvinnelaget får inntil 5 minutt kvar,

Storingsrepresentantane Alfred Bjørlo og Sveinung Rotevatn får inntil 10 min kvar.

## ÅM 7 Fråsegner

Sjå eiga utsending – FRIST 3.mars

## ÅM 8 Årsmelding 2023

Fylkesstyret sitt framlegg til vedtak:

*Framlagt årsmelding vert godkjent av fylkesårsmøtet.*

### Årsmelding for Vestland Venstre 2023

Årsmøtet er Vestland Venstre sitt høgaste organ, og denne årsmeldinga er, også i år, eit forsøk på å få formidla kva fylkesstyret og fylkeslaget har hatt føre seg i året som har gått.

#### INNHALD

1. FYLKESÅRSMØTET
  2. FYLKESSTYRET
  3. NEMNDER OG UTVAL
  4. LOKALLAGS-/MEDLEMSSTATUS
  5. ANDRE SAMARBEIDSORGAN
  6. REPRESENTASJON I FYLKESTING
  7. REPRESENTASJON I REGJERING OG STORTING
  8. REPRESENTASJON I STYRE OG UTVAL I VENSTRE SIN HOVUDORGANISASJON
  9. LANDSMØTET
  10. SEKRETARIAT
  11. ØKONOMI
  12. MØTE/KONFERANSAR
  13. FRÅSEGNER
  14. SLIK HAR STYRET JOBBA GJENNOM ÅRET
- ETTERORD FRÅ LEIAREN

### 1. FYLKESÅRSMØTET

Helga 11.-12.mars 2023 vart det arrangert fylkesårsmøtet Vestland Venstre.

Totalt møtte det 101 utsendingar frå lokallaga, fylkesstyret, Unge Venstre og Venstrekvinnelaget denne helga. I tillegg møtte Stortingsrepresentant Alfred Bjørlo (han var også delegat på søndagen) Eidi Ann Hansen (VHO) og Thomas Lien (tilsett Venstres Stortingsgruppe), Torgeir Anda frå Sentralstyret, samt 4 observatørar frå ulike lokallag.

Desse sakene var oppe

- årsmelding, rekneskap, budsjett, vedtekter
- val - av fylkesstyret og val av landsmøteutsendingar
- generell politisk debatt (20 stk tok ordet her, med varierte emne, i tillegg til leiarar av Vestland Venstre, Vestland Unge Venstre og Vestland Venstrekvinnelag.)
- fråsegner (her vart det vedteke 3 fråsegner, tema var kvinnehelse, at ungdommen skulle få sove lenger om morgonen og kampen for Vestland sitt næringsliv)
- fylkesvalprogram (Her var det eit omfattande ordskifte der mange delegatar tok ordet)
- plan for valkamparbeid (9 personar tok ordet her)
- suppleringsval av fylkesstyre og suppleringsval av landsstyreutsendingar
- valnemnd for fylkesårsmøtet i 2024
- val av redaksjonsnemnd for fylkesårsmøtet 2024 (fråsegner)
- handlingsplan



I tillegg hadde vi på fylkesårsmøtet besøk av fylkesordførarkandidatane frå Høgre og Arbeiderpartiet, Silja Ekeland Bjørkly og Stian Opedal Davies. Det vart arrangert ein liten fylkesordførarduell, som vart elegant leia av Mathias Fischer.

Det vart også tilbydd gratis profesjonell fotografering for dei som ønskte det, ved fotograf Helle Frogner. Vi hadde her litt utfordringar med tidsplanen, slik at dette kom noko i konflikt med tid på sosiale sesjonar som var lagt opp til.

## **2. FYLKESSTYRET**

Fylkesstyret har sidan årsmøtet hatt følgjande samansetjing:

Leiar: Åsta Årøen

1.nestleiar Jan Henrik Nygård

2.nestleiar Elizabeth Toft Erichsen

Styremedlem: Kent Are Petterson

Styremedlem: Maja Nielsen

Styremedlem: Jo Einride Lid Lerheim

Styremedlem: Alf Helge Greaker

Styremedlem: Thea Flølo (Vestland Unge Venstre)

Styremedlem: Ingrid Bjørge- Engeland (Vestland Venstrekvinnelag)

Gruppeleiar i fylkestinget, Geir Kjell Andersland har vore kalla inn til styremøta og delteke stort sett.

Fylkesstyret har i 2023 hatt 11 ordinære styremøte. Styret har handsama 76 saker. Det å tilrettelegge for valkampen, både for lokallag og fylkeslag var ei prioritert oppgåve.

Miljøprisen vart ikkje delt ut i år, då styret hadde vanskeleg for å få lagt ei god ramme for dette, midt i valkampen.

Styret har hatt eit arbeidsutval samansett av leiar og nestleiarar. AU har arbeidd mellom styremøta med saksførebuing, oppfølging av styresaker, samt planlegging av samlingar og andre møte.

Alle styremøter er dokumenterte ved eigne referat, som er sendt ut til heile styregruppa etter styremøtet.

## **3. NEMNDER OG UTVAL**

### **Valkamputval**

Leiar: Jan Henrik Nygård

Medlem: Åsta Årøen

Medlem: Jakob Nødseth

Medlem: Marius Hellan Hindenes

Medlem: Camilla Elen Berg Larsen

Valkamputvalet bestemte seg etter første møte for at dei også ville ha med Atle Hamar i utvalet, både fordi han var 5.kandidat, men også på grunn av hans lange erfaring.

Sideorganisasjonane hadde også høve til å delta, men på grunn av at Marius hadde tette band til UV og Camilla hadde tette band til Venstrekvinnelaget, vart utvalet i liten grad supplert utover kandidatane.

#### **4. LOKALLAGS-/MEDLEMSSTATUS**

Vestland Venstre har 29 fungerande lokallag. Vi har medlemmar i følgande kommunar utover dette: Tysnes, Solund, Austrheim, Vik.

Vi er no inne i ein positiv trend der vi har nettotilvekst på medlemmer. Vestland Venstre 971 medlemmer betalte kontingent i 2023, 63 medlemmer står som registrert, men betalte ikkje, totalt har vi 1034. Betalingsprosenten var på 93,9 % i 2023.

Den positive utviklinga er dels eit resultat av listestillingsarbeid, nasjonal og lokal medvind, og fokus på betydninga av verving i fylkslag og lokallag.

Fordelinga på kjønn i medlemsmassen er 640 menn og 382 kvinner per januar 2024.

#### **5. ANDRE SAMARBEIDSORGAN**

Vestland Unge Venstre	sjå eiga årsmelding
Fylkestingsgruppa i Vestland	sjå eiga årsmelding
Vestland Venstrekvinnelag	sjå eiga årsmelding

#### **6. REPRESENTASJON I VESTLAND FYLKESTING**

I Vestland fylkesting har Venstre i 2023 vore samansett av:  
Geir Kjell Andersland (nestleiar Utval for kultur, idrett og regional utvikling)  
Agnes Hoshovde Bernes.

Etter valet i september 2023, har Fylkestingsgruppa vore samansett av  
Åsta Årøen (gruppeleiar, medlem av fylkesting, fylkesutval, finansutval, utval for opplæring og kompetanse)

Jacob Nødseth (utvalsleiar for kultur, inkludering og folkehelse)

Marius Hellan Hindenes (medlem av utval for næring)

##### Vararepresentantar:

Camilla Elen Berg Larsen er 1.vara, og ho er også fast medlem i fylket sitt kontrollutval.

Atle Hamar er 2. vara og Torstein Tvinnereim er 3.vara.

#### **7. REPRESENTASJON I STORTING**

Sveinung Rotevatn (Bergen) var Venstre sin representant frå Hordaland og Alfred Bjørlo frå Sogn og Fjordane på Stortinget.

## **8. REPRESENTASJON I STYRE OG UTVAL I VENSTRE SIN HOVUDORGANISASJON**

Sentralstyret:

Landsstyret: Fylkesleiar Åsta Årøen. Torstein Tvinnereim og Heine Johansen.

Erlend Horn har vore direktevald til Landsstyret.

Håkon Frode Særsten er styreleiar for Venstres Studieforbund.

## **9. LANDSMØTET**

Det var ikkje landsmøte i 2023, sidan Venstre har gått over til å arrangere annan kvart år.

## **10. SEKRETARIAT**

Gro Gjelsvik har arbeidd i 10 % stilling for å ivareta økonomiansvaret for Vestland Venstre og Vestland Venstre sin fylkestingsgruppe. Fylkestinggruppa yter sekretariatstilskot for dette.

## **11. ØKONOMI**

Fylkeslaget bruker de penger de har til å følge opp vedtatt handlingsplan. I 2023 var det budsjettetert med et underskudd på kr.250.000.- Resultatet viser et underskudd på kr.225.000.- og en taper da av opptjent kapital, noe det ikke er rom for fremover. Medlemsvekst, flere venstrevener og bedre valresultat gir økte inntekter, som igjen vil lette arbeidet med å bygge opp kapital til neste valkamp.

## **12. MØTER/KONFERANSAR**

Vestland Venstre har i 2023 arrangert:

Februar Fylkesårsmøte

Juni Kandidatsamling

November Seminar i høve Geir Kjell Andersland sin 75 års dag.

Dette vart arrangert saman med Fylkestingsgruppe og Bergen Venstre.

I tillegg har vi hatt fleire digitale møte for medlemmar, lokallagsleiarar og førstekandidatar/folkevalde.

## **13. FRÅSEGNER**

April – stopp omrokking av fylkesinntekter saman med Rogaland, Nordland, Møre og Romsdal, Vestfold og Telemark

Heine Johansen fremma også ei fråsegn i haust om skeivfordeling av kulturkroner.

## 14. SLIK HAR STYRET ARBEIDD GJENNOM ÅRET

Fylkesårsmøtet vedtok i februar 2022 ein handlingsplan for 2022 og 2023  
Dokumentet har vore viktige rettesnorer og grunnlag for styret sitt arbeid gjennom året.

Arbeidsfordeling i styret:

### Reiseaktivitet og medlemspleie.

Styret har hatt liten reiseaktivitet i løpet av året, då mange i styret har vore svært involvert i valkampen, som kandidatar eller i andre roller.

### Informasjon

Fylkesstyret (og valkamputvalet) har nytta e-post, heimesidene og Facebook til å spreie informasjon om politikk og aktivitetar.

Bergen, februar 2023

*Åsta Årøen (s)*  
leiar

*Jan Hernrik Nygård (s)*  
1. nestleiar

*Elizabeth Toft Erichsen (s)*  
2. Nestleiar

*Maja Nielsen*  
Styremedlem

*Kent Are Petterson*  
styremedlem

*Jo Einride Lid Lerheim*  
styremedlem

*Alf Helge Greaker*  
styremedlem

*Ingrid Bjørge- Engeland*  
Vestland Venstrekvinnelag

*Thea Flølo*  
Vestland Unge Venstre

## ETTERORD FRÅ LEIAREN

Venstre vart 140 år i år, og det er rart å tenkje på at det på stiftingstidspunktet var ein diskusjon på om det var rett å stifte eit politisk parti. Tanken var då at dette kunne vere feil, fordi det kunne kome i veggen for det personlege vervet og det personlege ansvaret. Etter snart 6 år som leiar, først i Hordaland Venstre, så to periodar for Vestland Venstre, har eg gjort meg mange erfaringar. Venstre er jo det partiet som folk utanfor Venstre-verda trur er døyande. Men det er feil, Vi lever! Venstre lever. Eg trur det er bra å ha ein partiorganisasjon. Her kan både folk og politikk vekse og gro. Så kva har eg lært i Venstre? Først og fremst har eg vorte kjend med svært mange flotte menneske, både rundt i alle lokallaga og i styrearbeidet. Også er det opplevinga av å skape noko i lag, enten det er å lage ein interpellasjon, stå i valbod eller sitte i tøffe forhandlingar med andre parti. Vi får faktisk ein god del til i Venstre.

Mange uroar seg over at medlemstall i politiske parti går nedover. Venstre og Vestland Venstre er inne i ein positiv periode, det melder seg inn nye jamnt og trutt. Dette er positivt og lovande. Ekstra kjekt var det og at det gjekk framover med listestilling dette valet.

No gjeld det å engasjere flest mogeleg i programarbeid framover mot Stortingvalet! Politiske diskusjonar motiverer. Venstre er og skal vere eit parti med stor takhøgde, der det kanskje er litt større rom for meiningsskilnadar enn i andre politiske miljø. Ikkje minst kan diskusjonane gå høgt, om mange ting her i Vestland. Eg tenkjer at temperaturen og engasjementet som oftast er eit kvalitetsteikn. Venstre er kanskje ikkje det partiet du går inn i for å skape deg ein politisk karriere, dei fleste i partiet erfarer vel at partiarbeid først og fremst med store mengder frivillig arbeid, for lokalmiljøet og for kloden. Det er kanskje det partiet du går inn i når du verkeleg vil gjere ein skilnad, for dyr og folk, natur og miljø. Det syns eg er fint, at det i hovudsak er uløyste oppgåver og ikkje belønning i form av økonomiske goder, som er det som motiverer her hos oss..

*Åsta Årøen*



## ÅM- 9. Rekneskap 2023

Fylkestyret sitt framlegg til vedtak: Fylkesårsmøtet godkjenner framlagt rekneskap og fritek styret for ansvar.

### Årsrekneskap for Vestland Venstre 2023

INNTEKTER	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Rekneskap 2022	Budsjett 2022
Statleg partistøtte	377 502,68	370 000	370 467,24	370 500
Tilskot frå fylkestingsgruppa	150 000,00	150 000	150 000,00	150 000
Medlemskontingent	135 575,00	120 000	122 830,00	125 000
Venstrevennbidrag	54 950,00	40 000	41 400,00	50 000
Gåver/valkampbidrag	11 260,00	0	0,00	5 000
Anna valkampinntekt	17 500,00	0	0,00	0
Tilskot studiearbeid (året før)	23 200,00	23 000	27 700,00	21 800
Tilskot frå VHO (samling)	10 124,00	24 000	19 767,00	20 000
Eigendelar landsmøtet	0,00	0	41 062,00	40 000
Eigendelar samling	1 675,00	17 000	31 920,00	15 000
Reiseutjamning LM/LS	8 248,00	5 000	32 901,00	5 000
Inntekt av loddsal/auksjon	6 230,00	25 000	26 050,00	25 000
Inntekt tidligare år	1 980,00	17 000	0,00	0
Renteinntekter	5 817,94	3 000	3 052,58	100
<b>Sum inntekter</b>	<b>804 062,62</b>	<b>794 000</b>	<b>867 149,82</b>	<b>827 400</b>

<b>KOSTNADER</b>	<b>Rekneskap 2023</b>	<b>Budsjettforslag for 2023</b>	<b>Rekneskap 2022</b>	<b>Budsjett 2022</b>
Lønskostnader sekretær	63 172,85	100 000	62 637,88	100 000
Kontorkostnader	1 497,00	2 500	1 728,60	5 000
Leige av postboks	1 370,00	1 400	1 315,00	1 500
Leige heimekontor	4 000,00	4 000	4 000,00	4 000
Lagerbod	9 840,00	5 000	9 156,00	6 500
Datautstyr/ -program	7 149,59	6 600	5 581,50	7 500
Landsmøte	0,00	0	176 515,57	140 000
Reiseutjamning LS/LM	0,00	5 000	0,00	5 000
Fylkesårsmøtet	128 537,74	95 000	90 454,21	120 000
Fylkestyret	13 622,00	20 000	28 633,30	35 000
Landsstyremøter	40 550,00	25 000	51 753,00	30 000
Fylkessamling	0,00	50 000	137 920,00	50 000
Andre møte	9 557,00	10 000	0,00	6 500
Nominasjonsnemnd	0,00	0	0,00	2 000
Nominasjonsmøtet	0,00	0	57 985,00	25 000
Programnemnda	0,00	0	9 518,33	20 000
Overføring V-vennbidrag til lokallag	27 475,00	20 000	20 700,00	25 000
Organisasjonsarbeid	27 690,00	5 000	5 105,00	30 000
Valkamp	658 700,23	650 000	2 000,00	0
Valkamputval	0,00	0	0,00	3 500
Renter/gebyr	3 657,30	4 000	3 635,50	4 000



Vipps-gebyr	302,60	2 000	444,68	1 000
Gåver	1 869,00	2 500	770,00	3 000
Tilskot til Unge Venstre	20 000,00	20 000	20 000,00	20 000
Tilskot til Venstrekvinnelag	5 000,00	5 000	5 000,00	5 000
Tilskot til Liberale studentar	0,00	0	0,00	0
Kjøp av materiell	0,00	0	0,00	0
Miljøpris	0,00	1 000	0,00	1 000
Diverse	5 831,27	10 000	0,00	45 000
Utgift tidl. år	0,00	0	0,00	0
Tap på fordringar	0,00	0	0,00	500
<b>Sum kostnader</b>	<b>1 029 821,58</b>	<b>1 044 000</b>	<b>694 853,57</b>	<b>696 000</b>
<b>Resultat</b>	<b>-225 758,96</b>	<b>-250 000</b>	172 296,25	<b>131 400</b>



**Balanserekneskap 2023 - Vestland Venstre**
**BALANSEREKNESKAP**
**Balanserekneskap - Vestland Venstre**

<b>Eigedelar</b>	<b>Saldo 31.12.2023</b>	<b>Saldo 31.12.2022</b>
Kortsiktige fordringar	70 585,00	291 377,90
Forskotsbetalte kostnader	853,00	820,00
Kasse	0,00	450,00
Brukskonto 6504.10.31799	55 200,70	85 531,56
Bankinnskudd for skattetrekk	225,40	225,40
Kapitalkonto 6504.6662363	163 246,35	171 567,47
<b>Sum Eigedelar</b>	<b>290 110,45</b>	<b>549 972,33</b>

<b>Gjeld og egenkapital</b>	<b>Saldo 31.12.2023</b>	<b>Saldo 31.12.2022</b>
Udisponert resultat	225 758,96	-172 296,25
Anna egenkapital	-399 864,91	-207 568,66
Reservert Austrheim V - nedlagt 2021	-34 858,05	-35 163,45
Reservert Tysnes V - nedlagt okt 2019	-14 733,38	-14 733,38
Reservert Årdal V - nedlagt 2020	-11 422,43	-12 934,43
Reservert Lærdal V - nedlagt 2020	-27 515,64	-29 027,64
Avsetning nye kontorlokal	0,00	-20 000,00
Anna kortsiktig gjeld	-27 475,00	-58 248,52
<b>Sum Gjeld og egenkapital</b>	<b>-290 110,45</b>	<b>-549 972,33</b>

## Kommentarar til enkeltpostane i rekneskapen for 2023

### **INNTEKTER**

#### *Offentleg stønad*

Statleg partistøtte via Statsforvaltaren i Vestland er utbetalt etter talet på stemmer ved fylkestingsvalet i 2019 (11022 stemmer). Grunnstøtta var på 69 548 kr og stemmestøtta på 27,94 per stemme i 2023.

Grunna det dårlege valresultatet - stemmetal - og høgare valdeltaking i 2019, så kom vi dårleg ut i heile perioden 2020-2023.

#### *Tilskot frå fylkestingsgruppa*

Fylkestingsgruppa til Venstre i Vestland har i 2023 betalt eit sekretariatstilskot til Vestland Venstre på 50000 kr og eit tilskot til informasjonsarbeid på 100000 kr. Gruppa har hatt eigen gruppesekretær tilsett ut september dette året. Gruppa har fått hjelp til økonomi og rekneskap av underteikna i løpet av året. Fylkestingsgruppa har eigen, separat økonomi og eigne bankkonti.

#### *Medlemskontingent*

På landsmøtet i april 2021 vedtok landsmøtet å stryke følgande setning frå vedtektene: “Det enkelte fylkes- og lokallag kan rapportere inn tilleggskontingent etter vedtak på sitt årsmøte.” Alle fylkes- og lokallag har dermed same kontingentsats frå 2023.

Det same landsmøtet gav landsstyret fullmakt til å fastsetje kontingent for 2023 og desse satsane vart vedteke i februar 2022:

*For yrkesaktive setjast kontingenten til totalt kr 395,- der kontingentsatsane følgjer:*

- Den sentrale kontingenten for 2023 vert ståande på kr 175,-
- Fylkeslagskontingent for 2023 setjast til kr 160,-
- Lokallagskontingenten for 2023 setjast til kr 60,-

-

*For ikkje-yrkesaktive setjast kontingenten til totalt kr 195,- der kontingentsatsane følgjer:*

- Den sentrale kontingent for 2023 vert ståande på kr 75,-
- Fylkeslagskontingenten for 2023 setjast til kr 70,-
- Lokallagskontingenten for 2023 vert ståande på kr 50,-

For 2022 hadde årsmøtet i Vestland Venstre vedteke ein tilleggskontingent på 100 kr for ordinære medlemmer, og det ga 175 kr av totalkontingenten per medlem til fylkeslaget. Fylkesdelen for ordinære medlemmer vart altså 15 kr lågare i 2023. Fylkeskontingenten for ikkje-yrkesaktive medlemmer gjekk opp frå 50 kr i 2022 til 70 kr i 2023.

Som ein eittårig forsøksordning betalte medlemmer i Unge Venstre kr 100,- i kontingent til Venstre i 2023. Denne ordninga var tillitsbasert, på same vis som ordninga med redusert kontingent for ikkje-yrkesaktive.

- Den sentrale kontingent for 2023 var kr 40,-
- Fylkeslagskontingenten for 2023 var kr 40,-
- Lokallagskontingenten for 2023 var kr 20,-

I løpet av 2023 var det 975 medlemmer som betalte inn kontingent til Vestland Venstre (inkluderer dei som melde seg ut eller flytta ut av fylket før nyttår). Det føreligg ikkje meir detaljert oversikt frå VHO over innbetalingane.



### *Venstrevenn-bidrag*

I 2023 var det totalt 43 Venstrevenner frå 18 ulike lokallag registrert for Vestland og desse har totalt betalt inn 54950 kr i løpet av året via autogiro.

Halvparten av Venstrevenn-bidraga er overført til gjevaren sitt lokallag i januar 2024 (etter årsmøtevedtak i samband med budsjetthandsaming).

Sjå under Utgifter

### Gåver/valkampbidrag

Frå Vipps-aksjonar i perioden juni – juli. Bidrag frå enkeltpersonar/medlemmer.

### Anna valkampinntekt

Her er ført Bergen Venstre sin del av marknadsføringa via Amedia. Fylkeslaget gjorde avtale og betalte via Venstres Hovedorganisasjon og vidarefakturerte Bergen Venstre for ein del.

### Tilskot studiearbeid

Midlar overført frå Venstres Studieforbund etter innrapportering av studieverksemd i 2022.

### Tilskot frå VHO til samling

Det vart arrangert ei toppkandidatsamling i juni i samband med valkampen og for det vart fylkeslaget tildelt eit tilskot frå VHO.

### Eigendelar landsmøtet

Det vart ikkje halde Landsmøte i 2023.

### Eigendelar samling

I samband med kandidatsamlinga i juni vart det fakturert ei deltakaravgift

### Reiseutjamning LS

Frå VHO fekk fylkeslaget 8248 kr att for reisene til dei 3 representantane i samband med dei tre landsstyremøta i 2023.

### Inntekt av loddsal/auksjon

Inntekt av basar/åresal på fylkesårsmøtet i mars. Prisen per åre kunne med fordel ha vore sett litt høgare, då ein gjekk tom for årer før alle delegatane hadde fått kjøpt.

### UTGIFTER

#### Lønskostnader sekretær

Inkludert i denne posten er løn, feriepengar, pensjon, personalforsikring og arbeidsgjevaravgift knytt til 10%-stillinga som økonomikonsulent som underteikna har hatt.

#### Kontorkostnader

Litt kontorrekvisita.

#### Leige heimekontor

Økonomikonsulenten har jobba i sin eigen heim og partiet har dermed ikkje hatt direkte utgifter knytt til breiband, telefon, straum, reinhald etc. Konsulenten har lagra rekneskapspermar, utstyr mm heime.

## Lagerbod

Sidan desember 2019 har vi leigd ein lagerbod på Midtun i Bergen til oppsamla ting frå tidlegare partikontor som Hordaland Venstre har hatt i Bergen. Litt gamalt utstyr, nokre arkivpermar og litt kontorrekvisita med meir. Planen har vore å sortere og flytte tinga over til lagerboden som Bergen Venstre har i Fyllingsdalen, og så dele på leiga der, men ein slik dugnad blei ikkje gjort i 2023.

Noko av det som er lagra kan sendast til Statsarkivet om nokon sorterer det.

## Datautstyr/-programmer

Lisens for rekneskapsprogrammet Tripletex og abonnement på Microsoft 365.

## Fylkesårsmøtet

Fylkesårsmøtet 2023 blei halde i Bergen i mars. Sjølve møtet og måltida vart avvikla på Grand, medan overnattingar skjedde på Augustin Hotel.

Fylkeslaget dekkja opphald (og reise) for medlemmar av fylkesstyret og dessutan festmiddagen laurdagen (700 kr per pers) for alle delegatane. Kostnad for berre middagen er på 73500 kr.

Lokallaga måtte dekkje dagpakkar og eventuell overnatting for sine utsendingar, etter faktura frå fylkeslaget.

Det var mogleg for delegatane å levere reiserekning, der Vestland Venstre dekkja det som oversteig 600 kr. Ein del nytta seg av dette tilbodet og det vart dekkja 13611 kr i reiserekningar.

1692 kr vart brukt på gåver til innleiarar og avtroppande styremedlemmer.

NB! Det gjerast merksam på at dette er ført som ein nettopost, der innbetalingar frå lokallaga etter faktura er trekt frå dei totale kostnadane ved arrangementet! Vestland Venstre tok hotellrekninga for heile arrangementet og så er lokallaga etterfakturert. Brutto kostnad for fylkesårsmøtet var på 304 838 kr, mens lokallaga betalte inn 176 300 kr.

## Fylkesstyret

Fylkesstyret hadde ei fysisk samling i januar (i Bergen). På denne posten er ført reiseutgifter, overnatting og bevertning i samband med denne styresamlinga.

## Fylkessamling

Kostnadene ved kandidatsamlinga i juni er ført under Valkamp. Sjå valkamprekneskap.

## Andre møte

Her er ført deltaking på Landskonferansen for to personar, eit revisormøte og ei reise i samband med representasjon.

## Overføring V-venn-bidrag til lokallag

I budsjettet for 2023 vart det vedteke å overføre halvparten av det som kjem inn via Venstrevenn-ordninga til gjevaren sitt lokallag. Dette vart overført til lokallaga i januar 2024.

## Organisasjonsarbeid

Her er ført kostnaden ved fotografering av kandidatar og forsamlinga/delegatar under fylkesårsmøtet og ei overnatting i samband med kandidatsamlinga i juni.

## Valkamp

Sjå eigen Valkamprekneskap i evalueringa frå valkamputvalet

## Diverse

På denne posten er blant anna ført innkjøp av utstyr (kabeltromler til fylkesårsmøtet) (1120 kr), purregebyr etter feilsendt faktura (1503 kr) og ein ekstrakostnad ved feilbooking av flybilletter til LS (2931 kr).

## UNDERSKOT

Årsmøtet hadde budsjettert med eit underskot på 250 000 kr i valåret, som skulle dekkast inn av oppspart fri eigenkapital.

Det endelege resultatet for 2023 blei eit underskot på 225 759 kroner.

## BALANSE

### Bankkontoar

Vestland Venstre har 3 bankkontoar i Nordea, ein bedrifts-/brukskonto, ein kapitalkonto og ein skattetrekkkonto. Den siste har ikkje vore nytta dei siste åra, då VHO har køyrd alt av løn.

I revisormeldinga til årsmøtet i 2022 var det tilrådingar om at skattetrekkkontoen burde avsluttast. Dette er enno ikkje gjort. Likeins er ei tilråding frå revisorane om å gjennomgå bakgrunnen for gebyra knytt til kontoane førebels ikkje følgt opp, og det er framleis berre økonomikonsulenten som disponerer kontoane på vegner av laget.

### Kontantkasse

Kontantkassa er avslutta i 2023.

### Kortsiktige fordringar og kortsiktig gjeld

Det er laga ein eigen debitor-/kreditorliste. Denne inneheld berre kortsiktig gjeld og fordringar ved årsslutt. Postane er i hovudsak avrekningar frå VHO ved nyttår, for rest kontingent for 2. halvår og Venstrevenn-bidrag i 2023.

### Avsetning nye kontorlokale

Det blei i si tid - truleg i 2012 - gjort ei avsetning i Hordaland Venstre på 20000 kr, med tanke på at ein skulle starte sparing til å kunne leige kontorlokale i Bergen ein gong i framtida.

Dagens fylkesstyre vedtok nyleg å gjere om denne avsetninga til fri eigenkapital per 31.12.23, då ein ikkje kan sjå det som aktuelt å skulle leige kontorlokale dei nærmaste åra. Fylkeslaget ser det som meir aktuelt å bruke desse midlane på organisasjonsbygging og valkamp dei neste to åra.

### Reservert (avsetning) nedlagte lokallag

Lokallaget i Austrheim vart sett inaktivt i januar 2021 og restsaldo overført til Vestland Venstre i påvente av ny aktivitet.

Tysnes Venstre vart avvikla i oktober 2019, fordi dei ikkje klarte å stille liste ved lokalvalet og ikkje klarte å stable på beina noko nytt styre. Restsaldo frå lagskontoen deira blei då overført til Hordaland Venstre (no Vestland Venstre) og står på vent til det eventuelt blir ny aktivitet i kommunen.

Lokallaga i både Årdal Venstre og Lærdal Venstre vart sett inaktive i løpet av 2020 og restsaldo frå desse laga vart overført til Vestland Venstre for oppbevaring inntil det eventuelt vert ny aktivitet i kommunen. Litt av dei reserverte midlane frå nedlagte lag blei i 2023 nytta til å dekkje delar av kostnadane ved enkelte reiser i fylket i valkampen, dette gjeld Austrheim, Årdal og Lærdal. Midlane kunne også vore nytta til listestillingsarbeid i kommunane med saldo etter nedlagte lag, men det vart ikkje gjort forsøk på listestilling i nokre av desse kommunane.



#### Anna egenkapital

Det er før disponeringa av underskotet ein fri egenkapital på 399 865 kr. Dei oppsparte midlane kjem frå overskot i 2022 og dessutan frå midlar frå før samanslåinga av dei to gamle fylkeslaga i 2020.

Gro Gjelsvik,  
Økonomikonsulent



Til årsmøtet i Vestland Venstre 2024

REVISJON AV ÅRSREKNESKAPEN TIL VESTLAND VENSTRE 2023

Revisjonsberetning vert ettersendt

## ÅM 10 Evaluering av valkamp

### Valkamprapport for 2023 - Vestland Venstre

#### Innleiing

Denne evalueringsrapporten tek føre seg Vestland Venstre sin fylkesvalkamp i 2023. Eit fylkesval heng naturleg saman med kommuneval og rapporten vil difor også sjå på korleis fylkeslaga og Vestland Venstre sin valkamporganisasjon bidrog med hjelp til valkampen i lokallaga.

Evalueringsrapporten gir forhåpentlegvis eit godt grunnlag for å drive ein enda meir effektiv og smart valkamp i 2025 og 2027.

#### 1. Valkamporganisasjonen

- Valkamputvalet

Fylkesstyra peika ut valkamputval hausten 2023.

Slik var utvalet samansett:

Leiar: Jan Henrik Nygård

Medlem: Åsta Årøen

Medlem: Jakob Nødseth

Medlem: Marius Hellan Hindenes

Medlem: Camilla Elen Berg Larsen

Valkamputvalet bestemte seg etter første møte for at dei også ville ha med Atle Hamar i utvalet, både fordi han var 5.kandidat, men også på grunn av hans lange erfaring.

Sideorganisasjonane hadde også høve til å delta, men på grunn av at Marius hadde tette band til UV og Camilla hadde tette band til Venstrekvinnelaget, vart utvalet i liten grad supplert utover kandidatane.

- Fylkesstyret - og rolla det hadde

Det var i stor grad overlapp mellom valkamputval og fylkesstyre, jfr at leiar av VKU og var nestleiar i fylket, og 1.kandidat var leiar av fylkesstyret. Dette, og det at heile fylkesstyret var tungt involvert i kommunevalkamp i sine kommunar, gjorde at ein valde å redusere styreaktiviteten til eit minimum for å prioritere valkamp.

- Sekretariat

Valkampkassen var heller liten, og dette gjorde at ein valde å tilsette eigen valkammap medarbeider først til sommaren. Valkamputvalet hadde imidlertid nytte av at Marius Hellan Hindenes var tilsett i 100 % i fylkestingsgruppa.

#### 2. Valkamplan og - mål

Valkamplanen vart vedteke på fylkesårsmøtet i mars og denne var styrande i arbeidet.

I valkampen 2019 viste ein analyse av fylkestingsvalresultata i dei to fylka fire år tidlegare viste at med dei same stemmetala i det samla Vestland ville Venstre mangla 278 stemmer på eit fjerde mandat. Dette fjerde mandatet var dermed eit naturleg resultatmål for fylkestingsvalet i 2019. Fasiten, valet 2019 var at Venstre over heile landet hadde eit ganske krevjande val, og på Fylkestinget enda ein opp med to mandat. Ved valet 2023 valde ein likevel å halde fast ved målet om 4 mandat, ikkje minst fordi dette ville skape ein betre forhandlingssituasjon, der ein då ville ha krav på plass i fylkesutval(formannsskap) i kraft av eiga tyngde.



Valkampmål i 2023:

- 16 000 stemmer, 4 mandat
- Besøke lokallag så mykje som mogeleg, gjerne då med besøk av vidaregåande skular og aktuelle bedrifter og organisasjonar. Det overordna målet var å bygge relasjonar og inspirere til valkampinnsats. Eit underordna mål her var å besøke alle vidaregåande skular i fylket, samt produksjonsskular og eit utval opplæringskontor.
- Prioritere innsmett i lokallagsbrosjyrar fram for store opplag av eige materiell.

### 3. Mobilisering

Heile valkamputvalet hadde eit omfattande reiseprogram.

Følgande lokallag/kommunar fekk besøk av kandidat 1.-4.

- Etne, Bømlo, Sveio, Stord, Bjørnefjorden, Kvinnherad, Ullensvang, Kvam, Aurland, Sogndal, Årdal, Høyanger, Fjaler, Kinn, Sunnfjord, Askvoll, Alver, Masfjorden, Gulen, Stryn, Gloppen, Stad, Øygarden, Bergen.
- 22. vidaregåande skular fekk besøk, 2 opplæringskontor,

### 4. Kanalar for kommunikasjon

#### ● Direkte veljarkontakt

Topp 1.-4 kandidat har vore med på dørbank i følgande kommunar: Bergen, Stryn, Kinn.. Dei fleste lokallaga prioriterer imidlertid stand og bedrift-og institusjonsbesøk.

Elles so har det og vore prioritert å vere til stade på sosiale medium, og i den korte valkampen styrte Celina Christoffersen dette på ein veldig god måte.

#### ● Bilete

Det vart arrangert fotografering under fylkesårsmøtet - i Bergen. Både gruppevis fotografering av fylkestoppene og toppene på kommunelistene.

#### ● Produksjon av trykt materiell

Ein fylkesbrosjyre i ståande A5-format med 4 sider vart produsert av Marius Hellan Hindenes. Der var dei første kandidatane avbilda, og deretter QR-kode til program og fylkestingsliste.

Lokallag som hadde eiga fylkesside i sitt materiell, kunne få økonomisk støtte til dette.

Bergen lagde eigne flyers retta mot Laksevåg området, bl.a. for løfte at fylkesordfører bur på Laksevåg. I tillegg hyra Bergen inn fotograf for å få samstemte bilete med lokalbrosjyre og det var eiga kollektivside med fokus på fylket i Bergen si hovudbrosjyre.

Fylkesbrosjyren vart først trykt opp i 10000 eksemplar i slutten av mai og deretter i eit ekstra opplag på 10000 eksemplar den i august då vi hadde fått beskjed om at ein del lokallag var tomme. Det var imidlertid ei utfordring å få til lang distanse logistikk i den korte valkampen.

### 5. Økonomi og ressursar

VV brukte i underkant av 700.000.- i valkampen 2023.

Omlag halvparten av dette gikk til annonsering på nettsider for aviser innenfor Amedia og Polaris. Av dette gikk mesteparten til profilering av våre på fylkeslista, men og en del lokale kandidater.

Koordinering opp mot annonsører kunne vært bedre, noe som ville gitt bedre spredning av vårt budskap og kandidater. Utfordringen med slik annonsering er at det er mange om beinet, litt mange involvert når annonsering skal på lufta og kostnadene.

Her må en vurdere nasjonale kampanjer med lokale fylkeskandidater, og overlata lokale kandidater til annonsering lokalt, med regional støtte. Profilering i sosiale media er rimelig og greit.



Trykte brosjyrer er fortsatt populært, og en viktig del av inngangen til å få direkte kontakt med mulige velgere som gir best resultat. Både på stand, dørbank og valg arrangement.

Det var ingen aktivitet knyttet mot å få inn eksterne midler. Vi har nyttet egne oppsparte midler og egeninnsats fra involverte.

## **6. Valresultat og måloppnåing**

I fylkestingsvalet fekk Venstre tre mandat; Åsta Årøen, Jacob Nødseth, Marius Hellan Hindenes. I prosent fekk Venstre 4, 2 % (mot 3,5% i 2019) av stemmene, som er opp 0,7 % frå 2019. Stemmetalet var 12 784.

I kommunevalet fekk Venstre 4,5 % i Vestland, og 14 756 stemmer. I kommunevalet fekk Venstre 4,5 % i Vestland, og 14 756 stemmer. Ulvik Venstre leverte Venstre sitt beste valresultat med 27,2%, ei endring på 13% frå 2019.

Forhandlingane lukkast godt; Vi kom inn i fylkesutvalet, samt fekk ein leiar i utval for kultur, folkehelse og inkludering, samt fast plass i kontrollutvalet. Vi er no i same samarbeidskoalisjon om i førre periode; Ap, Sp, Sv, Mdg og Krf. Dette er eit fleirtal der det er 1 stemmes overvekt, slik at fleirtalet er veldig knapt. Alfred Bjørlo leia forhandlingsutvalet.

Utfordringar til neste fylkestingsval:

- Det må vere eit mål å gjere fleire veljarar klar over at det å stemme på fylket er viktig.
- Det er vanskeleg å samle inn midlar frå eksterne aktører til ein fylkesvalkamp. Ein rotar også litt rundt i kommunane sitt bed når ein er aktiv på dette.
- Det kan også vere vanskeleg å nå fram i media om fylkespolitikk. Ein plan, gjerne utvikla i tett kontakt med fylkestingsgruppe, for å få fram eigne initiativ, er viktig.

Suksessfaktorar:

- Skulebesøk-kampanjen var ein god arbeidsmetodikk, ikkje minst fordi den drog med seg både andre besøk og direkte kontakt med lokallag og dedikerte frivillige.

## Stemmetall over tid og valresultat 2023

	2011 Fylke	2015 Fylke	Fylke 2019	Fylke 2023	endring %	Kommuneval 2023	Kommunestyrerepresentant
Alver	585	424	234	291	0,5	316 (+ 0,1)	Marius Hellan Hindenes
Askvoll	200	197	177	95	-4,8	150 (- 8,4)	Arnt Henning Blom, Julie Ovedie Gabrielsen
Askøy	560	521	324	325	0	296(-0,3)	Sander Solstrand
Aurland	35	41	17	33	1,9	69(+ 3,4)	Terje Horvei
Austevoll	59	30	22	33	0,4	27 (0)	ingen
Austrheim	89	62	15	20	0,4	ingen liste	ingen
Bergen	8727	6445	5268	7051	1,4	7364(+ 1,2)	Per Arne Larsen, Ingrid Nergaard Fjeldstad, Ole Ansger Nepomuk Martini
Bjørnafjorden	515	488	241	351	0,9	434(+ 1,3)	Ole Reinert Berg-Olsen
Bremanger	123	114	280	175	-0,5	372(-0,6)	Svein Olav Senneset(varaordfører), Evy Merete Myklebust, Geir Magne Røys, Jeanette Kristiansen Grotle, Svein Arve Torvanger
Bømlo	392	820	176	120	-1,1	135(-2,9)	ingen
Eidfjord	25	11	1	3	0,4	ingen liste	ingen
Etne	51	50	46	51	0,4	88(-0,9)	Johan Strømsvold
Fedje	5	4	2	2	0,1	ingen liste	ingen
Fitjar	29	25	7	12	0,4	ingen liste	ingen
Fjaler	84	180	200	67	-9,2	237(-3,5)	Marte Haugsbakk(varaordfører), Ståle Brattelid, Gunhild Berge Stang; Christoffer Stølen
Gloppen	80	113	112	90	-0,2	119(1,2)	Alf Erik Røyrvik
Gulen	59	50	18	18	0	49(0,3)	Andrine Sleire Tistel
Hyllestad	17	13	11	3	-1,2	ingen liste	
Høyanger	35	40	35	21	-0,6	ingen liste	
Kinn	1065	597	575	846	4,2	682(-1,5)	Hilmar Eliasson, Jacob Nødseth, Anne Marit Seljeseth, Edvard Iversen
Kvam	307	114	59	101	1	133(1,2)	Anne Marie Øvrevik
Kvinnherad	249	133	109	113	0,1	172(-0,2)	Kent Are Kjørsvik Petterson
Luster	85	56	74	54	-0,7	81(-1,4)	Jon Ove Lomheim

Lærdal	148	80	15	17	0,3	ingen liste	
Masfjorden	38	39	21	16	-0,5	54(1,7)	Tove Kristin Sleire Tistel
Modalen	6	2	3	2	-0,5	ingen liste	
Osterøy	149	93	93	194	0,3	204(-0,3)	Renate Tangen
Samnanger	33	11	10	12	0,1	ingen liste	
Sogndal	322	252	236	201	-0,5	270(-0,7)	Bjarte Haugen
Solund	4	2	4	7	1	ingen liste	
Stad	720	607	1045	282	-15,6	437(-26,9)	Jon Frogner, Anita Otneim Hoddevik, Marilyn Osmundsvåg,
Stord	432	338	215	262	0,5	362(0)	Geir Angeltveit
Stryn	117	112	127	350	8	392(4,9)	Torstein Tvinnreim, Janne Elin Alsaker, Endre Bø
Sunnfjord	382	496	486	765	2,7	1179(6,7)	Gunn Merete Paulsen, Atle Hamar, Elias Slåtten, Åge Avedal
Sveio	100	63	55	61	0,2	78(0,2)	
Tysnes	65	32	8	18	0,6	ingen liste	
Ullensvang	444	301	82	84	0,2	116(-0,2)	
Ulvik	216	97	38	54	2,9	169(13,0)	Håkon Gjerde, Ingeborg Hellesnes Uppheim, Sevre Vestheim, Ingrid Sponheim, Anders Kristoffer Oppheim
Vaksdal	54	25	11	20	0,5	59(2,7)	
Vik	107	52	12	10	-0,2	ingen liste	
Voss	771	411	174	226	0,7	272(0,4)	Elin Seim
Øygarden	514	415	371	442	0,2	440(-0,8)	Elizabeth Toft Erichsen
Årdal	67	56	13	15	0,2	ingen liste	
	18065	14012	11022	12913			
				54			

## Regnskap valgkamp 2023 Vestland Venstre

<b>Inntekter</b>	<b>Valgkampregnskap</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Merknad</b>
Bidrag VV	650 000,00	650 000,00	
Innsamling midler	0,00	200 000,00	
Innsamling Vipps	11 260,00	50 000,00	
Lotteri	6 230,00	15 000,00	
Støtte fra VHO samling	10 124,00	0,00	
Egenandeler kandidatsaml	1 675,00	0,00	
Bidrag fra lokallag	17 500,00	40 000,00	Andel av annonsering - Bergen V
<b>Sum inntekter</b>	<b>696 789,00</b>	<b>955 000,00</b>	
<b>Utgifter</b>	<b>Valgkampregnskap</b>	<b>Budsjett</b>	
<i>Frikjøp</i>			
Åsta	167 726,97	200 000,00	
Jacob	0,00	0,00	
Marius	0,00	0,00	
Camilla	0,00	0,00	
Valkamprådgiver (H og S)	42 847,11	60 000,00	
Reiser	59 079,65	50 000,00	Fylkestingsgruppen har dekket noe
Mat	915,00	10 000,00	
Materiell egenprodusert	37 687,50	50 000,00	
Materiell kjøp sentralt	0,00	10 000,00	
Nasjonal annonsekampanje	0,00	50 000,00	
Annonsering Hordaland	201 613,50	175 000,00	
Annonsering S og Fj.	100 000,00	80 000,00	
Annonsering some	0,00	60 000,00	
Kandidatsamling	37 255,50	0,00	
Fotografering	0,00	5 000,00	
Postkasseomdeling	0,00	160 000,00	
Valkamp bod Bergen	0,00	0,00	
Valkampkontor	0,00	0,00	
Postkasseaksjoner	0,00	35 000,00	
Diverse	5 575,00	10 000,00	Bl.a. støtte til opplegg på Etnemarknaden og innkjøp av noen
Tilskudd til lokallag - trykking av brosjyre	6 000,00	0,00	Stord, Askvoll og Gloppen Venstre har fått etter avtale med Åsta
<b>Sum utgifter</b>	<b>658 700,23</b>	<b>955 000,00</b>	
<b>Resultat</b>	<b>38 088,77</b>	<b>0,00</b>	

## ÅM - 11. Vedtektsendringar

Ingen framlegg til endring kom inn innan fristen.

## ÅM- 12. Vedtak av handlingsplan

I Fylkestyrets forslag til handlingsplan for 2024 finn ein følgjande framlegg til votering:

Under punkt 2: Førebu organisasjonen for valkampen 2025

Nominasjons- og fylkesårsmøte – votering

Nominasjonsmøta for stortingsvala bør bli heldt i løpet av hausten 2024. Etter dei nye vedtektene til VHO må neste fylkesårsmøte bli framskynda til januar 2025.

**Innstilling:** arrangere det neste fylkesårsmøte (i 2025) og nominasjonsmøte (i 2024) i Bergen, på rimelegast mogleg måte.

**Alternativt:** arrangere det neste fylkesårsmøtet (i 2025) og nominasjonsmøtet (i 2024), ved å spreie arrangementa rundt i regionen, på rimelegast mogleg måte.

Under punkt 3: God organisering

Me må organisere sekretærtjenestane på ein annan måte. Dette blir ei prioritering, men sekretærtjenester som rekneskap, inneber ein del arbeid som ein ideelt sett bør har nokon tilsette til å gjere.

**Innstilling:** Avsette inntil 150 000 kr til å kjøpe sekretærtjenester eller at styret får fullmakt til å tilsetje nokon (Budsjettpost Administrativ ressurs)

**Alternativt:** Auke avsetning til valkamp frå 250 000 til 400 000 kr (budsjettpost Avsetning av overskot). Dette vert gjort ved å redusere posten til administrative ressursar til kr 0.



## HANDLINGSPLAN VV 2024

### Korleis me ønskjer at Vestland Venstre skal vere - styringsprinsipp

Vestland Venstre skal byggje opp under partiet Venstre sitt føremål: å samle personar med et sosialt og liberalt grunnsyn til innsats for fred og internasjonalt samarbeid, og for sosial, kulturell og økonomisk framgang. Me skal auke forståinga og interessa for samfunnsspørsmål og å medverke til å få Venstrefolk vald inn i fylket og kommunane sine folkevalde organ.

Vestland Venstre skal ha ein utviklande og raus partikultur i hele Venstre. Det skal me gjere mellom anna ved å:

- Nytte ressursane blant medlemmane
- Framsnakke kvarandre og innsatsen alle gjer
- Ha kort veg mellom leiing, politikarar og medlemmar
- Ha god kommunikasjon
- Ta godt vare på mindretalet, særskild i vanskelege saker

Handlingsplanen skal vere eit arbeidsverktøy for styret gjennom året. Ein slik plan bør ikkje vere for detaljert og det er ikkje nødvendig at absolutt alle aktivitetar er med. Det kan vere behov for eit styre å justere kursen undervegs, og det dukkar alltid opp gode idear til aktivitetar som bør og kan bli gjennomført, utan at det nødvendigvis står nemnt i handlingsplanen.

Styret har ansvaret for å gjennomføre denne handlingsplanen, men alle bør vere med å bidra. Kor vidt ein har nådd måla i perioden blir omtala og evaluert i årsmeldinga for arbeidsåret.

### Økonomi

Me må ha god økonomisk kontroll på drifta av fylkeslaget. Aktivitetar kostar ofte pengar og/eller innsats frå styret og aktive medlem, og det er partiaktivitet midlane bør gå til. Me kan få til mykje med dei relativt få midlane me har, men det føresett tydelege prioriteringar. Difor er det viktig at handlingane i handlingsplanen synar ei synleg kopling til budsjettet for 2024.

## Hovudmål for 2024 - 2025

- 1) Medlemsvekst – 1100 Betalande medlemmar i 2024
- 2) Førebu organisasjonen for valkampen 2025
- 3) God organisering

### 1 Hovudmål medlemsvekst

#### Delmål: gjere Vestland Venstre meir synleg

Me vil skape forståing for kva forskjell Venstre gjer. Vestland Venstre vil vere ein forkjempar for politisk engasjement og påverking blant folk. Dra nytte av Vestland Venstre sine stortingsrepresentantar og stortingsgruppa i det lokalpolitiske arbeidet og profilere sitjande kommunestyrerepresentantar i samarbeid med lokallagsleiar og stortingsrepresentant.

Me bør sende pressemeldingar og søkje redaksjonelle oppslag når det er sakar eller hendingar som kan profilere oss positivt. Det gjeld og i sosiale medium, gjerne på nynorsk når det er naturleg.

	Handling	Budsjettpost	Kommentar
1 – 01	Poste i sosiale media jamnleg og kvar gong me har ein medlemsaktivitet		
1 – 02	Ha minst to lesarinnlegg/oppslag på trykk i dei store regionsavisene		Ansvarleg: leiar og gruppeleiar i fylkestingsgruppa
1 – 03	Ha minst to lesarinnlegg/oppslag i lokalavisene		Ansvarleg: leiar og lokallagsleiarar/lokale gruppeleiarar
1 – 04	Bidra til at fleire lokallag gir sine medlemmar kurstilbod som Venstreskulen og andre kurs gjennom fylkeslaget og VHO		
1 - 05	Dele ut miljøprisen 2024	(51) Miljøpris	På verdas miljødag 05.06

### Delmål: styrke organisasjonen gjennom å få fleire medlem støtte nye og små lokallag

Det kan me få til gjennom både verving og god medlemspleie. Alle nye medlemmar skal verte ønskt velkommen på ein god måte, som bidrar til større engasjement.

Me har medlem og aktive lokallag i dei aller fleste kommunane og me stiller lister i 31 kommunar. Der me ikkje gjer det kan me dele kommunane inn som

- kommunar kor me hadde liste i ved kommunevalet 2023, men ikkje aktivt lokallag. Vi har 0 slike.
- kommunar kor me har medlemmer, men utan aktivt lokallag og heller ikkje stilt liste. Det gjeld Lærdal, Vik, Austrheim, Tysnes,
- kommunar kor me ikkje stilt liste på ei stund, og kor me har er få eller ingen medlemmer. Det gjeld Årdal Høyanger, Hyllestad, Samnanger, Fitjar, Eidfjord, Modalen Solund, Fedje.

Å ha eit aktivt lokallag er viktig med tanke på å få stilt liste. Me bør pleie eksisterande medlem først og vil gjenopplive lokallag der me har medlem.

	Handling	Budsjettpost	Kommentar
01 – 06	Fylkesleiar ringjer alle nye medlemmar frå kommunar der det ikkje er lokallag		Leiars ansvar
01 - 07	Arrangere eit årleg sosialt arrangement for nye medlemmar		Regionfadder og lokallaget
01 – 08	Austrheim	(79) reservert Austrheim	Regionfadder
01 – 09	Årdal	(81) Reservert Årdal	Regionfadder
01 – 10	Lærdal	(82) Reservert Lærdal	Regionfadder
01 – 11	Tysnes: arrangere stands på XX, Medlemskveld med Sveinung Rotevatn	(80) Reservert Tysnes	Regionfadder
01 – 12	Fitjar	(41) Organisasjonsarbeid	Regionfadder viss tid/mogleg. Budsjettposten må bli fordelt på alle lokallag som ikkje har reserverte midlar i budsjettet.



## 2 Førebu organisasjonen for valkampen 2025

I Stortingsvalet 2025 har me som mål å få 2 representantar på tinget frå Vestland. Me ønskjer ny regjering med Venstre som regjeringsparti, frå 2025.

Difor må me engasjera lokallaga i programbehandling og valkampplanlegging gjennom skulering av lokallagsleiingar, folkevalde og kandidatar, samt stimulera til auka deltaking på arrangement som lokalpolitisk nettverk og Landskonferansen.

### Nominasjons- og fylkesårsmøte - votering

Nominasjonsmøta for stortingsvala bør bli heldt i løpet av hausten 2024. Etter dei nye vedtektene til VHO må neste fylkesårsmøte bli framskynda til januar 2025.

**Innstilling:** arrangere det neste fylkesårsmøte (i 2025) og nominasjonsmøte (i 2024) i Bergen, på rimelegast mogleg måte.

**Alternativt:** arrangere det neste fylkesårsmøtet (i 2025) og nominasjonsmøtet (i 2024), ved å spreie arrangementa rundt i regionen, på rimelegast mogleg måte.

	Handling	Budsjettpost	Kommentar
02-01	Førebu og gjennomføre nominasjonsprosessar hausten 2024	(37) nominasjonsnemnder	To nemnder, ein i kvar valkrins (Hordaland, Sogn og Fjordane)
02-02	Arrangere nominasjonsmøtet stortingsvalet 2025 saman med med fylkessamling: <b>14.-15.09.24</b>	(38) Nominasjonsmøtet (35) Fylkessamling	Viktig at desse arrangementa er samstundes, med overnatting, grunna økonomi og regelverk for tilskot.
02-03	Avsette midlar til valkampott 2025	Post (78) Avsetning av overskot	

## 3 GOD ORGANISERING

God organisering, inkludert økonomi, er ein føresetnad for å få nå hovudmåla. God økonomisk kontroll på drifta i fylkeslaget er avgjerande om me skal nytte mest mogleg midlar på føremålet vårt: samle sosiale og liberale krefter og engasjere desse og få Venstre representert.

Me må organisere sekretærenestane på ein annan måte. Dette blir ei prioritering, men sekretærenester som rekneskap, inneber ein del arbeid som ein ideelt sett bør har nokon tilsette til å gjere.

**Innstilling:** Avsette inntil 150 000 kr til å kjøpe sekretærenester eller at styret får fullmakt til å tilsetje nokon (Budsjettpost Administrativ ressurs)

**Alternativt:** Auke avsetning til valkamp frå 250 000 til 400 000 kr (budsjettpost Avsetning av overskot). Dette vert gjort ved å redusere posten til administrative ressursar til kr 0.



## ÅM - 13. Vedtak av budsjett 2024

Fylkesstyret sitt framlegg til vedtak: Fylkesårsmøtet godkjenner framlagt forslag til budsjett.

INNTEKTER	Budsjettforslag 2024	Merknad	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Rekneskap 2022	Budsjett 2022
Statleg partistøtte	458 285		377 503,00	370 000	370 467,24	370 500
Tilskot frå fylkestingsgruppa	200 000		150 000,00	150 000	150 000,00	150 000
Medlemskontingent	147 500	Om 950 betalande medl og 50 av desse har redusert kont	135 575,00	120 000	122 830,00	125 000
Venstrevennbidrag	54 000	Om 45 V-vener	54 950,00	40 000	41 400,00	50 000
Gåver/valkampbidrag	0		11 260,00	0	0,00	5 000
Anna valkampinntekt	0		17 500,00	0	0,00	0
Tilskot studiearbeid (året før)	17 000		23 200,00	23 000	27 700,00	21 800
Tilskot frå VHO (samling)	20 000	Søkje frå VHO etter samling	10 124,00	24 000	19 767,00	20 000
Eigendelar landsmøtet	0		0,00	0	41 062,00	40 000
Eigendelar samling	100 000		1 675,00	17 000	31 920,00	15 000
Reiseutjamning LM/LS	5 000		8 248,00	5 000	32 901,00	5 000
Inntekt av loddsal/auksjon	10 000		6 230,00	25 000	26 050,00	25 000
Inntekt tidligare år	0		1 980,00	17 000	0,00	0
Renteinntekter	5 500	Berekna	5 818,00	3 000	3 052,58	100
<b>Sum inntekter</b>	<b>1 017 285</b>		<b>804 063,00</b>	<b>794 000</b>	<b>867 149,82</b>	<b>827 400</b>



KOSTNADER	Budsjettforslag 2024		Rekneskap pr. 15.01.24	Budsjettforslag for 2023	Rekneskap 2022	Budsjett 2022
Lønskostnader sekretær	18 000	Løn Gro jan-mars, leige inn møtesekretær FÅM?	63 173,00	100 000	62 637,88	100 000
Kontorkostnader	2 500		1 497,00	2 500	1 728,60	5 000
Leige av postboks	1 500		1 370,00	1 400	1 315,00	1 500
Leige heimekontor	1 000	Gro jan-mars	4 000,00	4 000	4 000,00	4 000
Lagerbod	3 000	Om tømning ila mars, inkl bosslevering	9 840,00	5 000	9 156,00	6 500
Datautstyr/ -program	7 500	Rekneskapsprogram	7 150,00	6 600	5 581,50	7 500
Landsmøte	0		0,00	0	176 515,57	140 000
Reiseutjamning LS/LM	0		0,00	5 000	0,00	5 000
Fylkesårsmøtet	200 000		128 538,00	95 000	90 454,21	120 000
Fylkesstyret	40 000		13 622,00	20 000	28 633,30	35 000
Landsstyremøter	40 000		40 550,00	25 000	51 753,00	30 000
Fylkessamling	50 000		0,00	50 000	137 920,00	50 000
Andre møte	10 000		9 557,00	10 000	0,00	6 500
Nominasjonsnemnder	20 000		0,00	0	0,00	2 000
Nominasjonsmøtet	50 000		0,00	0	57 985,00	25 000
Programnemnda	0		0,00	0	9 518,33	20 000



Overføring V-vennbidrag til lokallag	27 000	Hvis 45 V-vener	27 475,00	20 000	20 700,00	25 000
Organisasjonsarbeid	30 000	Styrke lokallag	27 690,00	5 000	5 105,00	30 000
Valkamp	0		658 700,00	650 000	2 000,00	0
Valkamputval	0		0,00	0	0,00	3 500
Renter/gebyr	4 000		3 657,00	4 000	3 635,50	4 000
Vipps-gebyr	1 000		303,00	2 000	444,68	1 000
Gåver	2 500		1 869,00	2 500	770,00	3 000
Tilskot til Unge Venstre	25 000		20 000,00	20 000	20 000,00	20 000
Tilskot til Venstrekvinnelag	10 000		5 000,00	5 000	5 000,00	5 000
Tilskot til Liberale studentar	5 000		0,00	0	0,00	0
Kjøp av materiell	5 000		0,00	0	0,00	0
Miljøpris	3 000		0,00	1 000	0,00	1 000
Tilsette adm ressurs	150 000		5 831,00	10 000	0,00	45 000
Føre regnskap	50 000		0,00	0	0,00	0
Tap på fordringar	0		0,00	0	0,00	500
<b>Sum kostnader</b>	<b>756 000</b>		<b>1 029 822,00</b>	<b>1 044 000</b>	<b>694 853,57</b>	<b>696 000</b>
<b>Resultat</b>	<b>261 285</b>		<b>-225 759,00</b>	<b>-250 000</b>	<b>172 296,25</b>	<b>131 400</b>

## **ÅM - 14. Val av fylkesstyre**

### **Innstilling til nytt fylkesstyre:**

Fylkesleiar: Torstein Tvinnereim (Stryn), ny

1. nestleiar: Ingrid Nergaard Fjeldstad (Bergen), ny

2. nestleiar: Jens Håkon Birkeland (Voss), ny

Styremedlem: Guro Svenkerud Fresvik (Ullensvang), ny

Styremedlem: Alf Helge Greaker (Bømlo), attval

Styremedlem: Heine Johansen (Bergen), ny i dette verv

Styremedlem: Hilmar Eliasson (Kinn), ny

1. vara til styret: Øyvind Vik (Bergen), ny

2. vara til styret: Kjersti Ingolvsdotter Vevatne (Osterøy), ny

3. vara til styret: Anita O. Hoddevik (Stad), ny

4. vara til styret: Glenn Myklebust (Stord), ny

### **Val av landsstyreutsendingar**

#### **Innstilling til Vestland Venstre sine landstyreplassar:**

Torstein Tvinnereim (Stryn)

Ingrid Nergaard Fjeldstad (Bergen)

Åsta Årøen (Bergen)

### **Val av internrevisorar**

Innstilling til internrevisorar

Synnøve Handeland (attval)

Håkon Frode Særsten (attval)

### **Val av valnemnd**

*Fylkesstyret si innstilling vert lagt fram ved møtestart*

## **Val av nominasjonsnemnder**

Fylkesårsmøtet må ta stilling til om det skal vere like eller ulike lister. Dette må avgjerast ved at kvar valkrets stemmer for seg. Begge krinsane må vere einige om felles liste om dette skal bli resultatet.

Fylkesstyret si tilråding:

Sogn og Fjordane valkrins, og Hordaland valkrins har to ulike lister og to ulike nominasjonskomitear.

Alternativt forslag: Vestland har lik liste i begge valkrinsar, og ein nominasjonskomite.

Dersom fylkestyret si tilråding går igjennom, er forslaga til nominasjonskomitear slik:

### **Hordaland:**

Leiar: Ole Martini

Medlem: Per Magne Wilhelmsen, Øygarden

Medlem: Alf Helge Greaker, Bømlo

Medlem: Kjersti Vevatne, Osterøy

Vara: Oddrun Vevatne, Voss

Vara: Grete Line Simonsen, Bergen

Vara: Håkon Gjerde, Ulvik

I tillegg har fungerande sideorganisasjonar krav på ein representant kvar.

### **Sogn og Fjordane:**

Leiar: Jan Henrik Nygård, Kinn

Medlem: Gunvald Ludvigsen; Stad

Medlem: Trude Risnes, Sogndal

Medlem: Anne Mette Hjelle, Sunnfjord

Vara: Sigrid Svartefoss, Sogndal

Vara: Svein Olav Senneset, Bremanger

Vara: Vigdis Tonning, Sunnfjord

I tillegg har fungerande sideorganisasjonar krav på ein representant kvar.

**ÅM - 15. Val av redaksjonsnemnd for neste årsmøte**

*Fylkesstyret si innstilling vert levert ut ved møtestart*

**ÅM - 16. Innkomne saker**

*Ingen innkomne saker*